



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 EIDFJORD

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3687-33

7. mai 2019

## Motsegn til kommunedelplan for Sysendalen i Eidfjord kommune - presisering av departementets vedtak

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt vedtak i saka i brev av 8. april 2019. Eidfjord kommune har bedt om ei presisering av rekkefølgjekravet om gang- og sykkelveg frå Fet til Fosslivegen. Dette er ein strekning på ca. 1,8 km vest for Fet retning Vøringsfossen og Bergen.

Departementet viser til at kommunedelplanen dekker eit stort planområde. Etter departementets vurdering bør difor rekkefølgjekravet om gang/sykkelveg frå Fet til Fosslivegen knyttast til utbygginga innanfor planområdet til Eidfjord Resort.

Det vil si at presiseringa blir som følger:

«Krav om gang- og sykkelveg mellom avkøyring til Fet og Fosslivegen blir utløyst når talet på fritidsbustader innanfor planområdet til Eidfjord Resort har auka med 100 einingar.»

Detaljer kring planlegging og utbygging av gang- og sykkelvegen avklarast mellom Eidfjord kommune, utbyggar for Eidfjord Resort og Statens vegvesen.

Med helsing

Knut Grønntun (e.f.)  
fagdirektør

Kristin Nordli  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar  
Kristin Nordli  
22 24 59 51

Kopi

Fylkesmannen i Vestland  
Samferdselsdepartementet  
Statens vegvesen Vegdirektoratet